

## Ekstra overløp skal hindra vasskade i Beinavikjo.

21.01.2020



Det vert lagt røyr som skal ta overløpet dersom noko går gale.

**Kvinnherad kommune har ferdigstilt arbeidet med å etablera eit ekstra overløp frå ein kum i Beinavikjo. Bakgrunnen for denne etableringa er for å få sikra overløpet i periodar med høg springflo. Dette betyr at i vanleg drift vil røyrret ikkje vera i bruk, men berre vera som ei ekstra sikring. Det er einingsleiar for Vatn og avløp, Egil Eide, som fortel dette til Uskedalen.no**

Det har i periodar vore problem med avløpsvatnet som går ut i Beinavikjo. Det har samanheng med store mengder vatn som kjem frå Halsabrotet og som går i røyr i den kommunale vegen, gjennom turet i Beinavikjo Brygge og ut på nordsida av Telegrafbygget. Det har vore for mykje vatn i systemet og evakueringa har vore mangelfull. Dette har ført til vasskade to gonger i ei av leileghetene i Naustbygget.

Den tredje og siste hendingar for nokre veker sidan skuldast springflo, truleg feil med tilbakeslagsventilen og dermed feil larm. Den same leilegheten fekk store skader. Tre andre seksjonar, som ligg lågt, var nær på å få vatn inn.



Overløpet går frå kum og på djupt vatn. Pumpestasjonen i bakgrunnen.

No er det lagt ny ledning som ligg høgare og som skal vera som ein reserve dersom avløpet frå pumpestasjonen ikkje fungerer. Dette er eit naudoverløp utan tilbakeslagsventil der vatn og evt. kloakk vil gå ureinsa ut i fjorden.

Det er VA i Kvinnherad kommune som har utbeta og sikra avløpet i Beinavikjo.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal